



Møteinkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: Teams

Dato: 31.05.2024

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|----------------------------|--|---------------|--------------------------|
| ST 8/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 9/24 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 10/24 | Folgefonna nasjonalparkstyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane | 2024/7043 | |
| ST 11/24 | Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitesforening | 2023/17709 | |
| ST 12/24 | Referatsaker | | |
| RS 5/24 | Uttale fra Folgefonna nasjonalparkstyre til Miljødirektoratet si vurdering av omgjering av vedtak | 2024/789 | |
| RS 6/24 | Omgjøring av vedtak om sikringsbu ved Holmaskjer | 2024/789 | |
| RS 7/24 | Oppgradering/fornyning av kraftledning - 22kv ledning - Mosdalen - Folgefonna nasjonalpark - Jøsok AS | 2024/7981 | |
| ST 13/24 | Delegerte saker | | |
| DS 8/24 | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - drone - TV-serie Norges Nasjonalparker | 2024/6823 | |
| DS 9/24 | Delegert vedtak - oppsetjing av ekstra basestasjon - bjøllesystem for sau - Takliskardet - Folgefonna nasjonalpark | 2023/7274 | |
| DS 10/24 | Delegert vedtak - helikopterløyve - proviantere - Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark | 2022/6386 | |
| DS 11/24 | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - flygeløyve Breidablikk og Fonnabu 2024-2027 | 2020/8428 | |
| DS 12/24 | Delegert vedtak - transport av ved, gass og parafin med snøskuter - Blåvassbu og Svarthammar - Ola Espeland | 2024/4823 | |
| DS 13/24 | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - utbetring av skader etter storm - Fonnabu turisthytte - Bergen og Hordaland turlag | 2023/16215 | |
| DS 14/24 | Delegert vedtak - dronebruk for tilsyn av sau - Vettle Laurdal , Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark | 2021/5815 | |
| DS 15/24 | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel 2024 - Snøscooter - Etne 104/1 - Bergstø - frakting av saltstein | 2024/4559 | |

**ST 8/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 9/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2024/7043-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 24.05.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 10/24 | 31.05.2024 |

Folgefonna nasjonalparkstyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane

Innstilling frå forvaltar

Styret gjev nasjonalparkforvaltar mynde til å handsame saker etter verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonareglar og nokre særskilte reglar etter § 48 i naturmangfaldlova.

Delegasjonen gjeld fylgjande sakstyper:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdslle og motorferdsle i verneforskriftene:
 - Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5 og 6.
 - Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.
 - Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.
 - Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.
 - Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.
2. Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der :
 - det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra
 - det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker
 - forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet
3. Vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar på grunn av fare for skade eller annan negativ verknad på verneverdiiane, t.d. stans av ulovlege forhald, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.

| | |
|---------------------|-------------------------|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen |
| | Ænesdalen |
| | Bondhusdalen |
| | Buer |
| Naturreservat | Langebudaalen |



-
4. Handsame søknadar om å endre fristar fastsett av nasjonalparkstyret, eller endre fristar på eige initiativ.
 5. Utsette klagefrist etter forvaltningslova § 29, fjerde ledd.
 6. Treffe avgjerd om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42.
 7. Sende saker til Miljødirektoratet med tilråding om å ilegge overtredingsgebyr.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i punkt 6.3 i Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnemnt i medhold av naturmangfaldlova § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret. Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny handsaming i styret.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.
- Rettleiar frå Miljødirektoratet for oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet, M-2692, 2024.
- Informasjon om overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven, Miljødirektoratet, 21.06.2022
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark, rapport nr. 1-2011

I vedtektena for Folgefonna nasjonalparkstyret er det gitt moglegheit for delegering av mynde til forvaltar. Styret har tidlegare gjort vedtak om delegert mynde til forvaltar.

Det vart i januar 2024 sendt ut nye vedtekter gjeldande for alle nasjonalpark-/verneområdestyre. Dersom forvaltarane framleis skal kunne handsame saker delegert, må denne delegeringa fornyast med heimel i dei nye vedtektena.

I dei nye vedtektena er det lista opp fleire saker det er aktuelt å gje forvaltarane delegert mynte til å gjere vedtak i, enn kva det var i dei førre vedtektena frå 2015. Forvaltar foreslår å utvide delegeringsmyndet til å gjelde alle sakstypene som det står i dei nye vedtektena at nasjonalparkstyret kan gje forvaltarane vedtaksmynne i. Det som er nytt er punkt 3-7 i innstillinga. I tidlegare delegeringsvedtak har nasjonalparkstyret delegert vedtaksmynne til forvaltarane til sakene nemnt i punkt 1 og 2 i innstillinga.

Vurdering

Nasjonalparkstyret har delegert vedtaksmynne til forvaltar i kurante saker sidan 2013. Dette gjev ein rasjonell og effektiv forvaltning.

Nasjonalparkstyret har sidan opprettinga av styret i 2012, handsama mange saker som har gjeve forvaltningspraksis i området. I tillegg gjev forvaltningsplanen klare retningslinjer for forvaltning i mange saker.



Mange av sakene som blir handsama delegert er søknader om motorisert transport av materiale til vedlikehald av stølshus, og transport av ved og utstyr til hytter og stølshus. Slike saker har klare retningslinjer i forvaltningsplanen for nasjonalparken og landskapsvernombråda. Fornyng av dispensasjonar som styret har gjeve med heimel i verneforskriftene eller naturmangfaldlova § 48, er døme på kurante saker som har vore delegert til forvaltarar. Andre døme på kurante saker er søknad om motorferdsel i samband med bygg og installasjonar som styret har gjeve dispensasjon til.

Forvaltar rår til at det kan delegerast vedtaksmynde til forvaltar i tråd med delegeringsmynde i vedtekten til styret for saker der forvaltningsplanen gjev klare retningslinjer, eller styret har behandla tilnærma like saker. Forvaltar skal diskutera saker med styreleiar dersom forvaltar er i tvil om det er ei kurrant sak. Alle saker av prinsipiell karakter skal leggjast fram for nasjonalparkstyret til avgjerd.

Forvaltar synes dei nye delegeringspunktata foreslått i vedtekten er fornuftige tillegg til tidlegare delegeringsmynde. Det hender allereie at det blir gjort hastevedtak i samråd med styreleiarar som omtalt i punkt 3. Endring av fristar som i punkt 4 og 5 og avgjerd om utsett iverksetjing (punkt 6), verkar og fornuftig å kunne gjere utan å måtte innkalle heile styret til møte.

Bruk av overtredelsesgebyr er ein relativt ny måte å reagere på ulovlege tiltak i verneområde på. Overtredelsesgebyr blir brukt til å sanksjonere mindre alvorlege lovbroter som ikkje er så alvorlege at det er aktuelt å melde dei til politiet. Dermed kan dei mindre alvorlege lovbrota få ein rask og effektiv reaksjon som kan gje ein ålmennpreventiv effekt. I eit informasjonsbrev frå Miljødirektoratet skriv dei følgjande:

Ileggelse av overtredelsesgebyr bør skje raskt, slik at overtrederen får en rask reaksjon. Dette vil virke mer preventivt enn om overtredelsesgebyret kommer lenge etter at lovbruddet er gjennomført. Nasjonalpark- og verneområdestyrer kan delegere til sine forvaltere adgangen til å sende over saker til Miljødirektoratet med sikte på overtredelsesgebyr. Vi anbefaler at dette gjøres for å sikre en mest mulig effektiv saksgang.

På bakgrunn av denne tilrådinga frå Miljødirektoratet, foreslår forvaltar å inkludere oversending av saker om overtredelsesgebyr på lista over saker som forvaltarane kan handtere delegert. Det vil likevel vere mest naturleg å diskutere slike saker med styret eller styreleiar fram til det er innarbeida ein god forvaltningspraksis på kva saker som bør sendast over.





Arkivsaksnr: 2023/17709-6

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 30.05.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 11/24 | 31.05.2024 |

Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitesforening

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar kan sjå behovet for bygging av ei bod knytt til hovudhuset i Hjortedalen, men ikkje med den storleiken og utforminga som er omsøkt. Forvaltar innstiller på avslag basert på dei ytre måla. Bygget bør vere smalare og ha mindre dimensjonar. Boda burde ha takutstikk, noko som er tradisjonell byggjeskikk og beskyttar ytterveggar mot fuktksadar.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om bygging av ved/sikringsbod, motteken 23.11.2013
- Dokumentasjon på beitebruk, motteken 14.11.2023
- Oppdatert søknad om bygging av ved/sikringsbod, datert 28.01. 2024

Valestrand beitesforening v/ Jofrid Valen søkte i 2023 om å byggje ei ved/sikringsbod ved hovudhuset i Hjortedalen, Mosnes 13 98/1. Arbeidet på boda hadde starta, før dei var klar over søknadsplikta. Dei måtte difor ettersende søknad.

Saka vart lagt fram for nasjonalparkstyret i desember 2023 (jamfør ST 40/23). Det var då ikkje gjort vedtak i saka. Nasjonalparkstyret hadde ynskje om skisser av boda og ei uttale frå kulturminnemynda hjå Fylkeskommunen før vedtak. Styret såg det og naudsyst med ei synfaring.

| | |
|---------------------|-------------------------|
| Nasjonalpark | Folgefonna Nasjonalpark |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen |
| | Ænesdalen |
| | Bondhusdalen |
| | Buer |
| Naturreservat | Langebudaalen |



Søkjar har i ettertid sendt inn skisser av boda og ein oppdatert søknad som greier ut om føremålet med boda. Nasjonalparkforvaltarane og styreleiar synfarte boda i Hjortedalen den 7. mai 2024. Dette har gjeve grunnlag for ei ny vurdering.

Søknaden

Oppdatert søknad frå Valestrand beitesforening v/ Jofrid Valen om føremålet og ytterlegare informasjon om boda:

- **Sikkerheit.** *Boda blir laga for å auke sikkerheita til bøndene og turgåarane som nyttar huset i Hjortedalen, noko som er særslig naudsynt. Dersom huset brenn ned er det om lag tre timer å gå ned til sjøen for å kunne søke ly i andre hus. På hovudsank i 2023 var det åtte personar som budde i huset. Oppstår det brann må boda vere stor nok til at åtte vaksne kan søke ly i boda. Det er ikkje dekning i dalen, så ein må gå langt for å kunne melde frå.*
- **Lagring av gass.** *I dag lagrar me gassflasker på loftet. Det er ikkje lovleg. Me har også for mange gassflasker lagra enn kva som er tillat. (Om lag 8 flasker) Dette fordi me er avhengig av å bruke helikoptertransport til å få opp gass og kan ikkje fyke opp berre to flasker om gangen. Det blir både dyrt og er lite miljøvennleg.*
- **Anna brennbart materiale.** *Me lagrar også bensin, lampeolje, raudsprit, måling aggregat og motorsag i hovudhuset. Mengda er større enn kva som er tillate å lagra i eit hus. Igjen er argumentet at ein må fyke opp større mengder når ein først har helikopter.*
- **Lagringsplass til ved.** *Slik me har det no høgg me ved og lagrar ved i same rom som me lagarmat. Det er kun ein skiljevegg mellom. Dette er ikkje ideelt med tanke på reinhald.*

Om boda:

- *Innvendig: Det blir lagt golv og ein lagar nokre hyller på veggen. All brennbart materiale blir lagra i boda. Gassflaskene skal stå me litt luft mellom seg og må ikkje stå for tett. Ingen vindauge i boda.*
- *Det er ingen veggar inne i boda.*
- *Bygget blir oppført i same stil som hovudhuset. Grindverkslignande konstruksjon blir nytta.*
- *Einaste kontakt med fjell er fire stk søylesko som er bort ned tidlegare med 16mm bor.*
- *Bygget kan fjernast utan avtrykk i naturen og ein vil då ikkje vise at bygget har stått der.*
- *Konstruksjonen er luftig med tanke på at ved skal tørkast.*
- *Takvinkel er 38 grader.*
- *Taket blir av bølgeblikk, også det same materiale som er nytta på hovudhuset. Dette har beitelaget fått lov til å nyte på hovudhuset i ein tidlegare søknad.*
- *Det er ingen vindauge i bygget, berre ei enkel dør.*
- *Måla på bygget er 4mx4,4m med ei mønehøgde på 3m, på sideveggane er høgda på 1,4m.*
- *Bygget står om lag 10 meter frå hovudhuset.*
- *Kledninga er ikkje impregnert og me nyttar tjærulin beis i same farge som hovudhuset.*


Hovudhuset er frå siste halvdel av 1800-talet og er av enkel standard. Dei siste åra har ein gjort mykje godt arbeid med å sette huset i betre stand. Kledning og tak er skifta og ein har gjort ein stor ryddejobb innvending. I dag er det for mykje farleg gods som er lagra inne i huset. For at beitelaget skal forsette å halde drifta funksjonell og dermed hindre attgroing i



nasjonalparken er det viktig å få huset ryddig og trygt. Hjortedalen er vanskeleg tilgjengeleg og eit krevande beite. Ei bod vil gjere at me får den ekstra sikkerheita ein treng i dag som ein ikkje tenkte på i tidlegare tider.




Figur 1. Bilder frå sokjar som illustrerer vegen opp til beitet med transport på flåte, og kjøkkenet med hogestabbe og ved bak skiljeveggen.



Figur 2: Skisseteikningar med fasadar sør, nord, øst og vest, med mål.



Figur 1. Boda og Hovudhuset i Hjortedalen.



Figur 3. Plassering av boda i høve til hovedhuset i Hjortedalen.

Bildene under er teke under synfaring 7. mai 2024:





Lovheimel

Saka gjeld oppføring av bygningar i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar (Jf. § 3 pkt. 1.1). Det er opning i forskrifta for at forvaltingstyresmakta kan gi løyve til oppføring av bygningar i samband med husdyrnæring:

1.3 c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark gjer følgjande føringar:

«Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å setje opp nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring... Forvaltingsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av materialar og utforming.

Ved søknad om løyve til å føre opp bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, også gjenreising av stølshus etter pkt. 1.3 c i vernereglane, skal det følge med landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket trengst.»

Vidare står det som målsetjing at:

- *Lovverket bør praktiserast slik at den tradisjonelle landbruksdrifta kan halde fram som før, så lenge ho ikkje kjem i strid med verneføremålet.*
- *Det er ynskjeleg å halde oppe beiting og tradisjonelle stølsområde i nasjonalparken, men utan å gjere større tekniske inngrep.*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot alle inngrep og det er få unntaksreglar for oppføring av nye bygningar. Det er opning i forskrifta for at forvaltningsmynda kan gi løyve til oppføring av bygningar i samband med husdyrnæring. Søkjar har lagt ved dokumentasjon på landbruksdrift frå 2023. Beitelaget i Hjortedalen består av seks aktive brukarar som til saman har 189 sau og 255 lam på beitet. Brukarane held jamleg tilsyn med beitet gjennom sommaren og hausten. Hovudhuset ligg utilgjengeleg der ein fyrst må frakte sau på flåte over fjorden, for så å gå ca. 6 km inn dalen, noko som tar om lag tre timer kvar veg. Det er ingen telefondekning i området.

Det er uheldig at det er gjennomført tiltak i verneområdet utan at dette er avklart i høve til verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark først. Tiltaket som det no søker om ettergodkjenning til, må handsamast som at det ikkje allereie har blitt gjennomført. Ved eventuelt avslag på søknad om ettergodkjenning av tiltak, vil nasjonalparkstyret kunne



påleggje retting etter naturmangfoldlova § 69, dersom det ulovlege forholdet ikkje vert retta opp av eige tiltak.

Behovet for boda

Søkjar nemner fleire grunnar for byggetiltaket. Boda skal mellom anna fungere som nødbu ved brann i hovudhuset, og tilby sikring til dei åtte brukarane og andre som nyttar hovudhuset. Forvaltar meiner her at ei bod plassert om lag 10 meter unna hovudhuset ikkje vil vere tilstrekkeleg sikring ved brann. Ei bod med dette føremålet bør ha større avstand frå hovudhuset.

Det er ingen konkret heimel i verneforskrifta eller etablert forvaltningspraksis for oppføring av bygg til dette føremålet. Forvaltar vurderer det likevel som praktisk og fornuftig å kunne plassere gass, bensin og anna brennbart materiale avskilt frå hovudhuset. Under synfaringa vart det observert fleire gassflasker, bensinkanner og anna brennbart i hovudhuset. Dette kan med fordel plasserast i ei luftig bod, slik at ein eventuell gasslekkasje kan sige vekk.

Vidare ynskjer beitelaget å nytte boda som vedbod. Søkjar meiner at der dei lagrar ved i dag er for tett på kjøkenet, noko som er utfordrande med tanke på reinhald. Ei luftig utvendig bod vil slik sett vere meir funksjonelt og gje betre tilhøve for lagring og tørking av ved. Det er og eit poeng at området ligg svært utilgjengeleg og krevjande til. Dette er utfordrande med tanke på frakt av det ein treng av materiell og utstyr til drifta i Hjortedalen. Helikoptertransport er kostbart og ein ynskjer å avgrense denne bruken i nasjonalparken. Det er difor fornuftig å utnytte dei turane ein brukar med helikopter, ved at ein får frakta det ein treng for ein lengre periode og har gode tilhøve og kapasitet for lagring.

Naturmangfaldlova §§ 8-12

Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8, er tilfredsstillande. Ulike databasar for sårbare naturførekomstar som ligg inne i Fylkesatlas er sjekka.

Forvaltaren har vurdert den samla belastninga av tiltaket i samsvar med nml § 10. Det er få saker i Folgefonna nasjonalpark som gjeld oppføring av nye bygningar. Den samla belastninga per i dag er relativt låg. Likevel må ein vurdere om saka kan skape presedens som seinare kan auke talet på saker og dermed belastninga. Valestrand Beitelag har lagt ved dokumentasjon på eit betydeleg tal beitedyr og er det einaste beitelaget som driv tilsyn med sau i denne delen av nasjonalparken. Det vil òg vere ingen eller avgrensa bruk av helikopter då det ligg igjen materiale frå vedlikehald på Hovudhuset. Forvaltar vurderer samla belastning som akseptabel.

Etter naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Det fysiske inngrepene i terrenget omfattar fire søylesko som er bora ned i grunnfjell med eit 16 mm bor. Boda vil kunne fjernast utan store spor i terrenget. Likevel vil ein her måtte sørge for at det etablerer seg nytt vegetasjonsdekke der det er skrapet ned til grunnfjellet.

Naturmangfaldlova § 9 og §11 er vurdert, men ikkje funne relevant i denne saka.

Utfoming og plassering i landskapet

Forskrifta for Folgefonna nasjonalpark seier at eit bygg skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk og vere tilpassa landskapet. Forvaltningsplanen gir få konkrete retningslinjer for



kva som utgjer "tradisjonell byggjeskikk". I denne saka er det naturleg å samanlikne med hovudhuset i Hjortedalen, som slik sett definerer byggjesikken. Boda vil ha liggjande bordkledning måla i same farge og takmateriale skal vere bølgeblíkk. Ho vil ha liknande stil som hovudhuset og ikkje skilje seg ut.

Boda har same retning som hovudhuset, og plasseringa er eigna då ho ligg tilbaketrekt i høve til hovudhuset og ikkje har ein negativ verknad på landskapsbilde. Forvaltar meiner boda bør ha takutstikk, noko som kan reknast som ein del av den tradisjonelle byggjesikken. Takutstikk har òg ein viktig funksjon ved at det beskyttar ytterveggene, slik at ein unngår fuktskadar ved nedbør.

Ved oppføring av eit nytt bygg i nasjonalparken bør ein prøve å avgrense omfanget av tiltaket. Med ei planlagd flate på over 17 m² (4 m x 4,4 m) og ei mønehøgde på 3 meter, meiner forvaltar at boda vil vere unødig stor for det føremålet som er gjeve opp. Forvaltar ser ikkje behovet for ei bod med denne storleiken og meiner den bør ha mindre dimensjonar.

Kulturminneavdelinga i Vestland Fylkeskommune har følgjande innspel om utforming og storleik på boda:

«...Dei vurderingane du har gjort om storleik er eg samd i. I Hardangervidda nasjonalpark er det ei samla arealgrense på 45 m² inkludert uthus. Maksimal storleik på uthus er sett til 10 m² som eit utgangspunkt. Uthuset som her er vist verkar noko overdimensionert utifrå funksjonen som er oppgjeve. Bygningen kunne ha vore noko smalare, og takvinkelen bør vere lågare, slik at den ruvar mindre i terrenget.»



ST 12/24 Referatsaker



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Folgefonna nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Folgefonna senteret
Skålafjæro 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5557 2015
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Sakshandsamar Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2024/789-0 432.3

Dykker ref.

Dato 19.04.2024

Uttale frå Folgefonna nasjonalparkstyre til Miljødirektoratet si vurdering av omgjering av vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre viser til brevet frå Miljødirektoratet, datert 03.04.2024, som varslar om vurdering av omgjering av løyve til sikringshytte ved Holmaskjer turisthytte i Folgefonna nasjonalpark. Nasjonalparkstyret tek varselet frå Miljødirektoratet til etterretning og vil i denne uttala greie ut om grunnlaget for vedtaket vårt gjort med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Alternativ til dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48

Miljødirektoratet skriv at dei oppfattar at vedtaket med heimel i naturmangfaldlova § 48 vart fatta etter første alternativ (ikkje i strid med verneføremålet og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig). Nasjonalparkstyret vil presisere at i tillegg til første alternativ, er det i vurderinga lagt stor vekt på omsynet til tryggleik. Vi viser til formuleringa i saksvurderinga:

«Av omsyn til tryggleik kan ein sjå behovet for å bygge ei sikringshytte ved Holmaskjer, og dette momentet er vektlagt høgt i vurderinga. Dagens alternativ til sikringsbu rommar berre 2-3 personar og dekker ikkje dette behovet. Holmaskjer turisthytte ligg avsides og særskilt. Om ein skulle miste både Holmaskjer turisthytte og ein del av utstyret sitt i ein brann, vil ein i verste fall kunne vere heilt avhengig av ei sikringshytte for å berge seg. Det er viktig at ein ved brann har god kapasitet på begge hytter, sidan det ikkje er mogleg å kome seg vekk herifrå ved uvêr.»

I brevet frå Miljødirektoratet, opplysast det om at heimel etter andre alternativ (tryggleiksomsyn) ikkje er meint «for å gi tillatelse til nye bygninger i sikringsøyemed». Nasjonalparkstyret er samd i at dette alternativet til dispensasjon difor ikkje kan eller bør reknast som oppfylt. Omsynet til tryggleik bør difor ikkje gje grunnlag for dispensasjon.

Nasjonalparkstyret vurderer likevel at dei to vilkåra for dispensasjon er oppfylt etter fyrste alternativ i § 48 (dispensasjonen er ikkje i strid med verneføremålet og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig). Grunngjeving for dette er utdjupa under:

Vilkår 1 (dispensasjonen er ikkje i strid med verneføremålet):

Eitt av verneføremåla med Folgefonna nasjonalpark er at «...Ålmenta skal ha høve til

Nasjonalpark Folgefonna Nasjonalpark

Landskapsvernområde Hattebergsdalen

Ænesdalen

Bondhusdalen

Buer

Naturreservat

Langebudaalen



naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.» Turisthyttene i nasjonalparken er opne for ålmenn bruk og gjev besökande eit godt tilbod til dagsbesøk og overnattingar. Holmaskjer, så vel som Fonnabu turisthytte, er gode utgangspunkt for naturoppleving og friluftsliv på breen gjennom turar til fots og på ski. Her går òg den gamle "Turistvegen over Folgefonna", som er viktig i kulturhistorisk samanheng. Det står allereie ei hytte her, og for at den skal fortsette å være brukande og trygg, vil ei ny sikringshytte sørge for eit godt tilbod til besökande, også i framtida. Her vil ein ivareta tryggleiken, og sikre naudsynte fasilitetar etter dagens behov.

Vilkår 2 (dispensasjonen vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig):

Nasjonalparkstyret vurderer terrenginngrepet som minimalt og at det ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane til Folgefonna nasjonalpark. Hytta vil bli bygd på grunnfjell, støtta opp av støypte søyler og forankra med fjellboltar, utan sprenging av fjell. På Holmaskjer er det ikkje registrert sårbare eller truga naturtypar, eller viktige leveområde for fauna, og det veks lite til ingen vegetasjon som kan ta skade av inngrepet. Det er heller ingen kulturminne i området som vil bli påverka av inngrepet. Nasjonalparkstyret vurderer at tiltaket ikkje vil ha nemneverdig verknad på det «urørte», då hytta vil bli plassert i eit miljø med ein eksisterande bygning. Eksisterande bygg for toalett og vedbod vil bli fjerna, og det vil bli etablert ei meir miljøvenleg toalettløysing. Det vil vere auka helikopterflyging under byggeperioden, men som eit vilkår i løyve skal nivået på motorferdsel i driftsperioden ligge på dagens nivå.

Storleiken på sikringshytta

I brevet ber Miljødirektoratet om kommentarar på storleiken til sikringshytta.

Nasjonalparkstyret er samd i at den nye hytta vil ha ein storleik som går utover å berre vere ei enkel sikringsbu. Det er òg nemnt i saksvurderinga at hytta verkar noko stor, men at storleiken likevel er vurdert som akseptabel. Dette skuldast mellom anna, etableringa av ny toalettløysing i eit lukka system, samt reduksjon av eksisterande bygningsmasse ved fjerning av dagens toalett og vedbod. Ved å velge toalettløysing i ny sikringshytte, kan dette etablerast under den nye hytta utan inngrep i terrenget. Dersom ein skulle bygd dette inn i eksisterande hytte måtte denne tryleg vore heva. Toalettløysing i eksisterande hytte vart ikkje vurdert nærmare.

Storleiken vart i stor grad vurdert ut frå skjønn då det er få retningslinjer for kor stort eit slikt byggjetiltak kan vere. Ved bygging av ei ny sikringshytte har nasjonalparkstyret vore oppteken av å samle fasilitetane, og meiner dette kan tale for at hytta si storleik er akseptabel. Sikringshytta legg opp til nytt toalettsystem som betre ivaretak miljøet, og gjev plass til avfallsdunkar og lagring av ved innandørs. Avfallsdunkane står i dag "ute i det fri", noko som gjev eit uryddig landskapsbilete. Tilrettelegging for hundar og auke i fellesareal vart mindre vektlagt frå nasjonalparkstyret si side, men vi vurderer det likevel som positivt at sikringshytta gjev rom for eit mangfold av aktivitetar og besökande på Holmaskjer.

Oppsummering

Når det gjeld alternativet til dispensasjon etter omsyn til tryggleik, var dette eit viktig utgangspunkt for heimel og eit sentralt moment i vurderinga. Nasjonalparkstyret forstår no, at ei sikringshytte ikkje kan reknast som eit tryggingstiltak, slik dette alternativet til dispensasjon legg opp til.

Nasjonalparkstyret meiner framleis at vilkåra for å gje dispensasjon etter fyrste alternativ i § 48, er til stades (Tiltaket er i tråd med verneføremålet og vil ikkje påverke verneverdiane



nemneverdig). Turisthyttene i nasjonalparken tilbyr ålmenta høve for naturoppleving og friluftsliv, og ei ny sikringshytte vil støtte opp under dette tilbodet, utan å påverke verneverdiane nemneverdig.

Med helsing

Folgefonna nasjonalparkstyre

Sigrid Brattabø Handegard
Styreleiar

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad - bygging av sikringsbu - Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag
- 2 Søknad sikringshytta.pdf
- 3 Korrespondanse om storleik og føremål - sikringsbu på Holmaskjer - Odda/Ullensvang turlag
- 4 Forts. korrespondanse

Kopi til:

Statsforvالتaren i Vestland
ODDA/ULLENSVANG TURLAG

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Postboks 366 5751 ODDA



ODDA/ULLENVANG TURLAG
Postboks 366
5751 ODDA

Trondheim, 15.05.2024

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2024/3592

Sakshandsamar:
Hege Langeland

Vedtak om sikringshytte i Folgefonna nasjonalpark – omgjering etter forvaltningslova § 35

Vi viser til Miljødirektoratet sitt brev 03.04.2024 kor vi varsla vurdering om omgjering av Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak 14.03.2024 om løyve til sikringshytte til Holmaskjer turisthytte. Vi viser og til uttale frå Odda/Ullensvang turlag 08.04.2024 og frå Folgefonna nasjonalparkstyre 19.04.2024.

Vedtak

Miljødirektoratet endrar Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak 14.03.2024. Odda/Ullensvang turlag gis ikkje løyve til sikringshytte.

Vedtaket er fatta etter forvaltningslova § 35 tredje ledd og naturmangfaldlova § 48.

Bakgrunn for saka

Odda/Ullensvang turlag (OUT) søkte 06.12.2023 om å få løyve til oppføring av sikringshytte ved Holmaskjer turisthytte. I søknaden skriv OUT:

"Odda/Ullensvang turlag er eigar av turisthytta Holmaskjer i Folgefonna nasjonalpark. Hytta har sengeplassar til om lag 18 personar, og har eit årleg besøk på om lag 200 personar. Årstida hytta er i bruk er frå mars til oktober. Holmaskjer turisthytta ligg på eit skjær som stikk opp frå brelandskapet på 1565 moh. I tillegg til hytta er det eit eige bygg for toalett og oppbevaring av ved. Vedlikehald og drift vert utført av Odda/Ullensvang turlag med motorisert ferdsel og til fots. Turistvegen over Folgefonna er ei historisk vandrerute, som går i fotspora til dei første turistane på 1850-talet. Turistvegen går forbi Holmaskjer, samt har Folgefonna breførarlag turar i sesongen frå Fonnabu til Holmaskjer."

Søknaden er grunna i tryggleik for OUT sine gjestar på hytta. Storleiken på sikringshytta er omlag 50 m² og vil ha 12 faste sengeplassar og madrassar på hems. Hytta skal ha saltak, trekledning på vegg, tre tak og ha liknande farge som eksisterande hytta. Målet er at hytta skal blenda inn i omgivnadane og ha eit naturleg preg. Hytta vil bli bygd med terrenget og det skal ikkje utførast større inngrep i terrenget en naudsynt. Toalettløysing vil verta nytta eit lukka system som vert frakta vekk i frå nasjonalparken.

Det går fram av saksdokumenta at nasjonalparkforvaltar og OUT har hatt korrespondanse om søknaden før styrehandsaminga. Blant annet er det tatt opp at storleiken på sikringsbua er nærmest like stor som sjølve turisthytta, den skal ha eit ha eit fellesareal på omlag 30 m², to utedoar, plass til 12 faste sengeplassar i tillegg til madrassar. Det vert difor stilt spørsmål om føremålet med hytta er noko meir enn ei "sikringsbu". OUT har til dette svart at storleiken på bygget er dimensjonert for å takla evakuering av full hytta på Holmaskjer. Og vidare:

"Føremålet med storleiken er at vi då kan spesielt i inngangsparti (skut/ved/boss) få etablert lagring av ved og boszdunkar. Toalettforholda på Holmaskjer er ikkje etter dagens standard og er pr. dags dato i eit lite tilbygg på sida av eksisterande bygg. Å få etablert eit nytt toalettsystem på Holmaskjer er naudsynt iht. å stetta miljøkrav. Noko som turlaget ser på som naudsynt i nasjonalparken.

Hund er og naudsynt å leggja til rette for, då fleire gjestar har med hund og det er därleg lagd til rette for med gjeldande løysing.

Oppsummert så har vi fylgt DNT sine andre bygg av sikringshytter for å optimalisera hytta iht. dagen krav og standard.

OUT er i stadig vekst og har fleire arrangement knytt til Holmaskjer, som gjer at det vert auka bruk av hytta.

Vi ser spesielt når vi har felles turar så vert det trangt med plassering av andre som overnattar.

Turlaget understrekar at sikringshytta vert bygd for å ivareta dei besøkande vi har pr. dags dato iht. tryggleik, om vi får ei auke i besøkstal er det noko vi ser på som positivt.

Dagens hovudhytta vert fortsatt "primærhytta".

Når det kjem til besøkstal så har vi ein nedgong i 2023 på omlag 50 personar, det er avhengig frå år til år.

Turlaget ynskjer sjølv sagt at vi kan bidra med ei berekraftig utvikling av turismen i nasjonalparken med auke i besøk."

Vidare er det planlagt tilrettelegging for hund i sikringshytta. Pyttebuene er einaste stad for "sikring" av gjestane i ein nødssituasjon. Desse har plass til 2-3 personar (uklart om dette er pr. bu eller samla i begge buene).

Folgefonna nasjonalpark fatta 14.03.2024 vedtak kor turlaget fekk løyve til å bygge sikringshytte etter naturmangfaldlova § 48.

I saksframstilling er det lista opp hovudgrunnane for ei sikringshytte:

- *Sikre tryggleiken til gjester ved brann*
- *Etablere nytt toalettsystem som samsvarar med dagens miljøkrav. Dagens løysing er eit lite tilbygg på sida av eksisterande bygg*
- *Etablere lagring av ved og avfallsdunkar*
- *Legge til rette for hundar og hundeeigarar*
- *Auke fellesareala ved Holmaskjer. Dette vil gjere det mogleg å ha fellesturar og arrangement utan at det blir trøngt for andre som overnattar."*

Nasjonalparkstyret har lagt vekt på at tilbod om brevandring og tilgang til turisthytter er positivt for ålmenta sitt høve til friluftsliv og naturoppleveling i nasjonalparken. Nasjonalparkforvaltar ser det som positivt at hytta har tilstrekkeleg fellesareal ved fellesturar og andre arrangement slik at det er plass til besøkande som vil oppleve nasjonalparken med utgangspunkt i Holmaskjer. Då er

det òg rimeleg at ein har tilstrekkeleg lagringsplass for ved og at hytta følgjer dagens miljøkrav for toalettloysing og handtering av avfall. Nasjonalparkforvaltar vurderer at ein eventuell dispensasjon, er i tråd med verneføremålet (nml. § 48). Sikringsbua vil stå på grunnfjell der det vil ha liten eller ingen negativ verknad på vegetasjon. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området der hytta er tenkt plassert (Artskart og Naturbase sjekka 18.01.2024). Nasjonalparkforvaltar meiner tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar for naturmangfaldet i området

Når det gjeld presedens er det gjort denne vurderinga opp mot andre turisthytter i nasjonalparken: "Av andre turisthytter i nasjonalparken som er opne for ålmenta er Fonnabu og Sauabrehytta relevante. Fonnabu har i dag allereie ei «sikringshytte» som kan nyttast dersom hovudhytta må evakuerast. Nasjonalparkstyret ga òg løyve til utviding av hovudhytta i 2020, med mål om å auke fellesarealet på hytta. Sauabrehytta er den tredje hytta som ligg innanfor nasjonalparken. Denne hytta ligg lågare over havet og er noko mindre vêrutsett. Her finst og ein mindre bygning å «rømme» til ved akutt behov som ligg omlag 300 meter unna. Sauabrehytta er ei mindre hytte (10 sengeplassar), har ingen merka sti til hytta og er mindre besøkt."

Miljødirektoratet sendte 03.04.2024 varsel om at vi vurderte ei omgjering av nasjonalparkstyrets vedtak til OUT og stilte i same varsel spørsmål til nasjonalparkstyret.

Merknader frå turlaget

OUT har i e-post 08.04.2024 svart på varselet om vurdering av omgjering. OUT skriv at dei i mange år har sett behovet for å bygga sikringshytta på Holmaskjer for å ivareta besökande. Holmaskjer er der det fyst legg seg tåka, det er svært vêrhardt og utfordrande terreng å gå i. Om det vert eit naudstilfelle som td. brann, er du svært sårbar. Difor beslutta styret i OUT å starta prosess med sikringshytta på Holmaskjer. Og vidare:

"Ny sikringshytta legg opp til to soverom og open stue/kjøkken i fyste etasje. 2. etasje vert sovesal med madrasser. Den norske turistforening har mange sikringshytter i liknande storleik, det er viktig for oss at gjestande våras som ligg i hovudhytta får plass i sikringshytta ved ein naudsituasjon. Pr. dags dato er det därleg tilrettelagd for dei som kjem med hund, det er plass til ein hund i hovudhytta. OUT ynskjer å betra tilhøve til dei som kjem med hund slik at dei kan nyta sikringshytta. Det er normal praksis i DNT, då skånar ein dei som er allergisk, redd, etc.

Dagens toalett stetter inga miljøkrav, ekskrement dett rett på fjell og har avrenning i terrenget. OUT har sett på løysinga med å bygga toalett inn i ny sikringshytta med lukka tank for ekskrement som kan fraktas ned frå nasjonalparken. Dagens toalettbygg er kombinert med vedbod, bygget er frå hytta stod ferdig i 1988 og er slitt. Bygget er ikkje tett og vi slit med å helda ved og verktøy tørt.

OUT såg difor på løysinga med å få toalett inn i ny sikringshytta, for å så fjerna toalett/vedbod bygget. Sikringshytta vert dermed litt større i grunnflate. Hovudhytta har inga plass til toalett utan store ombygningar og terrenginngrep for å få plass til avfallstank under hytta. Sikringshytta er plassert slik at ein får plass til avfallstank under hytta utan terrenginngrep."

Nasjonalparkstyret sine svar

Folgefonna nasjonalparkstyre uttalte seg til varselet om omgjering i brev 19.04.2024.

Nasjonalparkstyret er samd i at andre alternativ i § 48 ikkje kan eller bør reknast som oppfylt. Omsynet til tryggleik bør difor ikkje gje grunnlag for dispensasjon, men det er i vurderinga likevel lagt stor vekt på omsynet til tryggleik. Nasjonalparkstyret vurderer at vilkåra for dispensasjon etter fyrste alternativ i § 48 er oppfylt.

Eitt av verneføremåla med Folgefonna nasjonalpark er at «...Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.» Turisthyttene i nasjonalparken er opne for ålmenn bruk og gjev besøkande eit godt tilbod til dagsbesøk og overnattingar. Holmaskjer, så vel som Fonnabu turisthytte, er gode utgangspunkt for naturoppleving og friluftsliv på breen gjennom turar til fots og på ski. Her går òg den gamle "Turistvegen over Folgefonna", som er viktig i kulturhistorisk samanheng. Det står allereie ei hytte her, og for at den skal fortsette å være brukande og trygg, vil ei ny sikringshytte sørge for eit godt tilbod til besøkande, også i framtida. Her vil ein ivareta tryggleiken, og sikre naudsynte fasilitetar etter dagens behov.

Når det gjeld vilkåret om at ikkje påverke verneverdiane nemneverdig skriv nasjonalparkstyret at dei vurderer terrenginngrepet som minimalt og at det ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane til Folgefonna nasjonalpark: "Hytta vil bli bygd på grunnfjell, støtta opp av støypte søyler og forankra med fjellboltar, utan sprenging av fjell. På Holmaskjer er det ikkje registrert sårbare eller truga naturtypar, eller viktige leveområde for fauna, og det veks lite til ingen vegetasjon som kan ta skade av inngrepet. Det er heller ingen kulturminne i området som vil bli påverka av inngrepet. Nasjonalparkstyret vurderer at tiltaket ikkje vil ha nemneverdig verknad på det «urørte», då hytta vil bli plassert i eit miljø med ein eksisterande bygning. Eksisterande bygg for toalett og vedbod vil bli fjerna, og det vil bli etablert ei meir miljøvenleg toalettløysing. Det vil vere auka helikopterflyging under byggeperioden, men som eit vilkår i løye skal nivået på motorferdsel i driftsperioden ligge på dagens nivå."

Nasjonalparkstyret er samd i at den nye hytta vil ha ein storleik som går utover å berre vere ei enkel sikringsbu: "Det er òg nemnt i saksvurderinga at hytta verkar noko stor, men at storleiken likevel er vurdert som akseptabel. Dette skuldast mellom anna, etableringa av ny toalettløysing i eit lukka system, samt reduksjon av eksisterande bygningsmasse ved fjerning av dagens toalett og vedbod. Ved å velge toalettløysing i ny sikringshytte, kan dette etablerast under den nye hytta utan inngrep i terrenget. Dersom ein skulle bygd dette inn i eksisterande hytte måtte denne truleg vore heva. Toalettløysing i eksisterande hytte vart ikkje vurdert nærmare."

Nasjonalparkstyret opplyste vidare at storleiken vart i stor grad vurdert ut frå skjønn då det er få retningsliner for kor stort eit slikt byggjetiltak kan vere: "Ved bygging av ei ny sikringshytte har nasjonalparkstyret vore oppteken av å samle fasilitetane, og meiner dette kan tale for at hytta si storleik er akseptabel. Sikringshytta legg opp til nytt toalettsystem som betre ivaretak miljøet, og gjev plass til avfallsdunkar og lagring av ved innandørs. Avfallsdunkane står i dag "ute i det fri", noko som gjev eit uryddig landskapsbilete. Tilrettelegging for hundar og auke i fellesareal vart mindre veklagt frå nasjonalparkstyret si side, men vi vurderer det likevel som positivt at sikringshytta gjev rom for eit mangfold av aktivitetar og besøkande på Holmaskjer."

Miljødirektoratets vurderingar

Miljødirektoratet har tatt opp saka på eige tiltak etter forvaltningslova § 35.

Etter forvaltningslova § 35 andre ledd jf. første ledd bokstav c) kan klageinstansen gjere om ugyldige vedtak sjølv om vedtaket ikkje er påklaga.

Etter forvaltningslova § 35 tredje ledd kan klageinstansen gjere om vedtak når omsynet til offentlege interesser tilseier det innanfor nærmere tidsfristar. Denne lyder:

"Dersom hensynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser tilsier det, kan klageinstans eller overordnet myndighet omgjøre underordnet organs vedtak til skade for den som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser, selv om vilkårene etter første ledd b eller c ikke foreligger. Melding om at vedtaket vil bli overprøvd, må i så fall sendes ham innen tre uker etter at det ble sendt melding om vedtaket, og melding om at vedtaket er omgjort må sendes ham innen tre måneder etter samme tidspunkt."

Miljødirektoratet har heldt seg innan tidsfristane og vurderer om vedtaket må verte omgjort av omsyn til offentlege interesser, Jf. § 35 tredje ledd.

Reglane som gjeld for dette verneområdet

Folgefonna nasjonalpark blei oppretta ved 29.04.2005 og verksemdu i nasjonalparken er regulert av forskrift 29. april 2005 nr. 389 om vern av Folgefonna nasjonalpark. Føremålet med vernet går fram av forskrifta § 2:

"§ 2. Formål

Formålet med nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre
- ta vare på verdfull vassdragsnatur
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- sikre viktige geologiske førekommstar
- sikre verfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging."

Etter vernereglane § 3 punkt 1.1 er landskapet verne mot inngrep; "Området er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting og ombygging av bygningar--"

Verneforskrifta har ikkje unntaksreglar som opnar for at det kan givast løyve til oppføring av nye bygningar for turisthytter, og søknaden må derfor behandlast etter naturmangfaldsloven § 48.

Det følgjer av forarbeida til naturmangfaldslova § 48 at denne føresegna ikkje kan brukast for å utvide den ramma som er gitt i vernevedtaket. Bestemminga skal vere ein sikringsventil for tiltak som ikkje kunne føresjåast eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidpunktet. For at ein dispensasjon skal kunne givast må vilkåra i føresegna vere oppfylt.



Bilete frå OUT av Holmaskjer turisthytte om område for ny sikringshytte

Vilkår for å gi dispensasjon etter § 48

Vilkåra for å gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 første alternativ er at tiltaket ikkje strir mot verneformålet og ikkje har nemneverdig påverknad på verneverdiane.

Vilkåra for å gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 andre alternativ er at tryggingsomsyn gjer det nødvendig. Ein dispensasjon vil berre vere nødvendig der det ikkje er mogleg å ivareta tryggingsomsynet på ein måte som ikkje påverkar verneområdet.

Vilkåra for å gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 tredje alternativ er at vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Det er berre vesentlege samfunnsinteresser av nasjonal interesse som kan gi grunnlag for dispensasjon. Denne er ikkje aktuell i saka her.

Vurdering av vilkåra

Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) førarbeida til naturmangfaldlova er klar på at det ikkje kan gis dispensasjon til sikringshytter etter tryggingsalternativet i § 48 andre alternativ. Det står her:

"I enkelte områder som er særlig hyppig besøkt, kan det imidlertid være grunnlag for mindre sikringstiltak som kjetting, sikringstau eller advarselsskilt. Generelt sett gir den ikke grunnlag for å åpne for bruk av to snøscootere når det gis tillatelse til bruk av snøscooter (såkalt følgescooter). Bestemmelsen er heller ikke ment for å gi tillatelse til bygninger i sikringsøyemed. Det ville i tilfellet stride mot intensjonen med områdevern som er å sikre naturområder mot nye tekniske inngrep."

Miljødirektoratet viser til at fyrste alternativ i § 48 er meint for mindre tiltak og forbigåande forstyrring som har liten betydning for vernet. Bygging av heilt nye bygningar fell som utgangspunkt utanfor heimelen til å gi dispensasjon pga. målet med verneområda.

Vidare vurderer vi at hytta, slik den er utforma, ikkje aleine kan sjåast som ei sikringshytte. Dette er også antyda i korrespondansen med turlaget og i saksframstillinga. Holmaskjer turisthytte har etter det opplyste ei grunnflate på ca. 70 m². Sikringshytta er planlagt med eit innvendig

bruksareal på 52,5 m², og kor store delar er påtenkt eit fellesareal, samt nye soverom og tilrettelegging for turgårarar med hund. Dette er soleis ei ny turisthytte som skal nyttast saman med den gamle hytta.

Miljødirektoratet kan sjå ynskje om ei "nødbu" for Holmaskjer, men meiner løyvet som er gitt gjeld noko meir enn ei nødbu. Vi visar til at dette også går fram av saksframstillinga kor det er skrevet at *".storleiken vil i praksis nær doble arealet på Holmaskjer, noko som ikkje berre dekker behovet for ei "nødbu" ved brann. Hytta bør ikkje byggast større enn kva som behovet og føremålet med hytta taler for."*

Likevel er det vurdert av nasjonalparkstyret at storleiken er akseptabel etter behov som turlaget har oppgjeve.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 er retningsliner. Vi peiker på at det er eit mål å ivareta naturmiljøet i nasjonalparken med alle naturverdiar, ikkje berre raudlista artar og utvalde naturtypar.

Miljødirektoratet meiner at ei ny hytte på denne eksponerte staden vil påverke landskapet, som bli endra med fleire hytter på staden. Det er ei sentral målsetting med verneområda å ta vare på naturlandskapet og hindre nye arealininggrep. Føremålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre. Miljødirektoratet meiner det er i strid med verneføremålet å gi løyve til oppføring av ei ny hytte slik som det er søkt om. Ålmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv *utan særleg teknisk tilrettelegging*, og Miljødirektoratet er ikkje einig i at det er i samsvar med verneføremålet å gi løyve til å bygge ny hytte. Vidare meiner vi verneverdiane blir påverka meir enn nemneverdig, pga. påverknaden på landskapet, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vurdering av omgjering

Nasjonalparkstyret har gått ut over den ramma som gjeld for naturmangfaldlova § 48.

Miljødirektoratet vurderer derfor at vedtaket bør verte omgjort av omsyn til offentlege interesser, jf. forvaltningslova § 35 tredje ledd.

Dersom det er ynskje om betre toaletthøve meiner vi dette kan løysast innafor eksisterande bygningsmasse, eventuelt med ei utviding eller ombygging jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 a) som opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til ombygging og utviding av bygningar. I den samanheng visar vi til at det er eit uthus på staden som eventuelt kan nyttast for formålet, eventuelt ombygd til eit kombinert uthus og nødbu. Ei ombygging til nødbu kan eventuelt ivareta ei minimumsløysing for evakuering i tilfellet brann på hytta. Om dette er aktuelt eller lar seg gjere innafor verneforskrifta, kan Miljødirektoratet ikkje ta stilling til. Dette krev ein eventuell ny søknad til nasjonalparkstyret.

Konklusjonen blir etter dette at nasjonalparkstyret sitt vedtak blir omgjort og at det ikkje blir gitt løyve til sikringshytta.

Klagerett

Dykkar kan klage på vedtaket. Fristen for å klage er tre veker frå dykkar har fått dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til Miljødirektoratet.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Ivar Myklebust Terje Qvam
avdelingsdirektør seksjonsleiar

Kopi til:

| | | | |
|---|--------------|------|-----------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre STATSFORVALTAREN I VESTLAND | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |

Fra: Per-Ole Jøsok[perole.josok@josok.no]
Sendt: 10.05.2024 14:30:37
Til: Folgefonna nasjonalpark[folgefonna@statsforvalteren.no]
Kopi: Djupesland, John Arvid[John.Arvid.Djupesland@fagne.no];
Tittel: Oppgradering/fornyning av 22 kV-ledning Mosdalen - Folgefonna Nasjonalpark

Hei,

Vi viser til Teams-møte den 18. april hvor vi diskuterte muligheter for å skifte ut den gamle 22 kV-ledningen med en ny 22 kV-ledning. Vedlagt oversendes noe underlag for at dere bedre skal kunne vurdere konsekvensene av en slik ombygging.

Etter å ha leget et forprosjekt ut fra gamle linjeprofiler og nye flyskanninger har vi plassert nye master i kartet. Se vedlegg. Mastene kommer på samme sted som de gamle mastene, bortsett fra M3 som blir en ny plassering.

Den gamle ledningen er bygget i hovedsak med E-master og piggisolatorer, men med H-master i vinkler og AH i trafomast. Gjennom Nasjonalparken er ledningen bygget med faseavstand på 1,5 m, noe som normalt vil trenge et skogryddingsbelte på inntil 15 m bredde. Se masteskisser.

Ny ledning må i tillegg bygges med H-master og hengekjeder, og vi er vi nødt til å utvide skogryddingsbeltet med 0,5 m til hver side, til totalt 16 m bredde. Ved å bygge ledningen med hengekjeder reduserer man risiko for fugledød ved elektrokusjon betydelig, men mastehøyden må økes med ca. 0,5 – 1,0 m.

Den nye ledningen vil også få kraftigere liner. Dagens liner har en diameter på ca. 7,5 mm, mens de nye linene har en diameter på ca. 31,5 mm.

Håper dette er nok underlag til at dere kan gjøre en vurdering av forholdene. Ta kontakt dersom noe er uklart eller dere trenger ytterligere opplysninger.

Med vennlig hilsen,

Per Ole Jøsok



M +47 901 65 868 | T +47 55 11 60 40 | perole.josok@josok.no | www.josok.no
Kokstaddalen 26, 5257 Kokstad | Postboks 169 Kokstad, 5863 Bergen

Følg oss:

ST 13/24 Delegerte saker



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

NRK

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2024/6823-0 432.3

Dykker ref.

Dato 22.05.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Dispensasjon - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - drone - TV-serie Norges Nasjonalparker

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Norsk Rikskringkasting v/Karine L'orange Rånes løyve til bruk av drone i samband med filming og produksjon av TV-serie i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for perioden 5.– 17.juni 2024.
- Løyvet gjeld for inntil 10 flygingar på maks 8 minuttar per flyging.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane.
- Dersom rovfugl vert observert ved flyging skal ein straks setje drona på bakken. Dette gjeld og anna dyreliv som reagerer på drona.
- Bruk av drone skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar.
- Løyvet gjeld berre for bruk av film-materiale i samband med TV-serien «Norges Nasjonalparker».
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søker har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Rapport over utført flyging skal sendast til folgefonna@statsforvalteren.no med referanse 2024/6823.

Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigar og for at aktiviteten er i tråd med FOR-2015-11-30-1404 Forskrift om luftfartøy som ikkje har fører om bord mv.

Dokument i saka

- Prosjektskildring «Norges Nasjonalparker»

Nasjonalpark Folgefonna
Naturreservat Langebuddalen
Landskapsvernombude Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



- Søknad om bruk av drone til innspeling.
- Kart over turrute (Figur 1)

Søknaden

NRK jobber for tiden med en ny TV-serie med tittelen «Norges Nasjonalparker». Dette skal bli en dokumentarserie hvor vi formidler mangfoldet av natur som finnes i nasjonalparkene våre. Målet er å gi publikum bedre kunnskap om hvorfor vern er viktig og øke kunnskapen om sporløs og respektfull tilstedeværelse i naturen.

Planen er å besøke alle nasjonalparkene våre. Primært vil turene gjennomføres av én mann som filmer selv. På starten av turen og en gang underveis, vil et lite team delta for å hjelpe til med opptakene. Vi bruker også en liten drone for å ta oversiktsbilder der det er mulig.


Vi vil med dette søke om tillatelse til å bruke drone under opptak i Folgefonna nasjonalpark. Vi søker om inntil 10 flyvninger i tidsrommet 05 juni– 17. juni 2024. Filmingen med drone gjennomføres med varighet på 5- 8 minutter for å ta oversiktsbilder som viser landskapstypen. Grunnen til tidsrommet for dispensasjonen, er å fordele antallet flyvninger over tid for å hensynta omgivelsene. Det blir ikke gjort noe avansert eller krevende flyvning i nasjonalparken.

Begrunnelsen for å søke dispensasjon innenfor et så pass stort område se vedlagt kart), er at vi ikke kan forutsi detaljert hvor turen skal gå, og vi ønsker derfor en fleksibilitet underveis. På vedlagt kart ser dere skisse over turen. Området det er ønsket å filme med drone er spredte steder langs den stiplete linjen fra toppen av Folgefonna til målmarkeringen.

Vi legger også vekt på at dronen vi bruker på slike turer, er en DJI Mavic 3 Pro. Dette er en veldig liten og lett drone med minimal støy. Men den gir et vesentlig tilskudd formidlingen om nasjonalparkens egenart.

Opptakene gjøres av kompetente friluftsfolk som kjenner til at denne type ferdsel ikke skal være forstyrrende for fugler, dyr eller turgåere. Vi er også opptatt av å gjøre oss til kjenne hvis vi møter folk, og formidle hva og hvorfor vi gjør disse opptakene. Vi har allerede gjennomført en del opptak i flere parker og har en god dialog med forvalterne.

NRK har over ti års erfaring med bruk av droner i TV-produksjon. Vi har også lang erfaring med bruk av droner i verneområder hvor man må ta spesielle hensyn ut over de vanlige reglene vi ellers forholder oss til.



Figur 1. Stipla raud linje viser turruta som startar opp Buerdalen, og går nordover til Nordfonna ned mot Reisete.

Verneformål og lovheimel

Dei områda søker vil fly med drone ligg innanfor grensene til Folgefonna nasjonalpark og Bondhusdalen landskapsvernområde. I landskapsvernområdet er det dei generelle aktsemdsreglane for dronebruk som gjeld. I Folgefonna nasjonalpark er motorferdsel i utgangspunktet forbode. Forbodet inkluderer landing og avgang med luftfartøy. Det inkluderer også drone og modellfly. Verneforskrifta har ein del dispensasjonsheimlar til visse føremål, men ikkje som dekker den bruken det er søkt om her. Saka må difor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48, første ledd. Det er første alternativ som er aktuelt her.

Naturmangfaldlova § 48:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot



vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. [...]

Folgefonna nasjonalparkstyre har delegert mynde til nasjonalparkforvaltar i saker av kurant karakter, jamfør styrevedtak ST 3/17. Ein sak reknast som kurant når lov, forskrift, forvaltningsplan, retningsliner frå styret eller presedens (tidlegare, tilsvarande vedtak) ein tydlig avgjer kva som skal bli utfallet.

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2018 ST 22/18 ein strategi for handsaming av dronesaker. Søknaden fell under kategorien naturprogram (samt underhaldningsprogram) og er skildra slik:

| Type søknad | Løyve? | Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag |
|--|--|---|
| Naturprogram, Formidling av Folgefonna | Ja, med vilkår | Styre unna sårbarer områder på sårbare årstider. Ikke forstyrre friluftslivet |
| Underhaldningsprogram (Riksmedia) | Nei, men kan i spesielle tilfelle ha særleg marknadsføringsverdi eller fokus på naturverdiane. Må vere knytt til staden/turistmålet. | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning |

Nasjonalparkstyret har gjeve løyve med tilsvarande vilkår i tidlegare saker, mellom anna dronefilming i samband med TV-serien 71 gradar nord, både i 2020 og i 2022 (Jamfør styrevedtak ST 2/22). Her vart det gjort følgjande vurdering:

71 Grader Nord er eit spesielt underhaldningsprogram som formidlar naturopplewingar og vil ha ein særleg marknadsføringsverdi for dette konkrete området av nasjonalparken. Ein vurderar at programkonseptet er spesielt og at det difor ikkje er fare for ein presedens. Det er samstundes viktig at det er eit fokus på verdiane knytt til natur og landskap i nasjonalparken, og det er difor stilt vilkår om at dette skal formidlast tydleg når film-materialet vert brukt, og at dette kun skal nyttast til dette spesifikke programmet.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering

I saker som skal handsamast etter nml § 48, må ein først vurdere om krava for å bruke heimelen er oppfylt. For å gje dispensasjon etter § 48 kan ikkje aktiviteten stride mot verneføremålet og den må ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. For å vurdere det må vi sjå til verneføremålet i § 2 i verneforskrifta:

§ 2. Formål:

Formålet med nasjonalparken er å:



-
- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre
 - ta vare på verdfull vassdragsnatur
 - sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
 - sikre viktige geologiske førekommstar
 - sikre verdfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Her er det snakk om å bruke ei drone til filming og TV-produksjon i ei avgrensa tidsperiode. Så lenge dette skjer på ein måte som ikkje forstyrrar tradisjonelt friluftsliv kan aktiviteten ikkje seiast å vere i strid med verneføremålet. Vilkåra for å bruke heimelen er difor oppfylt.

Deretter må ein vurdere kor vidt det er fagleg forsvarleg å gje eit slikt løyve. Igjen bør det peikast på at dette er ein beskjeden aktivitet i eit avgrensa tidsrom. Det er snakk om ein stor og profesjonell aktør som NRK. Det er dessutan snakk om ei dokumentarserie, som skal opplyse ålmenta om verneverdiane og samstundes formidle naturen og landskapet ut til sjåarane. Det er eit fornuftig og ålmennytig føremål.

Samstundes skal ein avgrense bruk av motorferdsel, inkludert droner, i verneområdet. Og det er eit prinsipp at filming først og fremst bør leggast utanfor verna natur dersom det er mogeleg. I denne saka er likevel argumenta for å gje løyve fleire og sterkare enn argumenta i mot. TV-serien skal formidle naturen i verneområdet. Det er snakk om avgrensa filming i eit relativt kort tidsrom.

Likevel må ein vurdere enkelte omsyn. Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på droner, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. Det aktuelle tidspunktet for flyginga er etter den mest sårbare tida. For å unngå skade på fugl og forstyrring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken. Det er elles lite dyreliv oppe ved breen som vert forstyrra. Her kan likevel vere anna, mindre vilt som til dømes ryper i områda opp mot brekanten. I juni er det ein del utfart av folk som går turar på breen, særleg i helgar og heilagdagar. Ein bør ikkje vere til sjenanse for folk som oppsøkjer verneområdet for å gå turar i fred og ro. Dette gjeld spesielt i områda nær Fonna sommarskisenteret, og i nærliek til turisthyttene.

Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8, er tilstrekkeleg. Ulike databasar for sårbare naturførekommstar som ligg inne i Fylkesatlas er sjekka.

Det er få slike dronesaker i Folgefonna nasjonalpark. Normalt er det årleg nokon få enkelte dronesaker i samband med beitenæringa. Samla belasting per i dag er difor låg. Likevel skal ein alltid vurdere om saka kan skape presedens som seinare kan auke tal på saker og dermed belastinga. Sidan dette er knytt opp mot ein TV-serie til NRK er det særslit sannsynleg. TV-serien har også eit klart føremål om å fremme verneverdiane i nasjonalparken. Samla belasting (jamfør nml § 10) er difor innanfor det akseptable.

Ein bør merke seg at det i seinare år har vore fleire tilfelle av ulovleg droneflyging i verneområdet. Det er difor viktig å informere om regelverket. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd når ein er på ein lokalitet og filmar, slik at publikum skjønnar at



det ikkje er fritt fram å fly med dronar i nasjonalparken. Det vert sett krav i løyvet om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret.

Etter nml § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode skal brukast. Dersom ein skal ha bilet frå lufta er alternativet helikopter, som fører til vesentleg meir støy og uro. Kravet i nml § 12 er difor oppfylt. Nml §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren har rádført seg med styreleiar i saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|-----------------------------|-------------------|------|-----------|
| Kvinnherad kommune | Rosendalsvegen 10 | 5470 | ROSENDAL |
| Ullensvang kommune | Opheimsgr. 31 | 5750 | ODDA |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| SNO Rosendal | | | |



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Vestland Bjøllelag

Saksbehandlar Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2023/7274-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 10.05.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - oppsetjing av ekstra basestasjon - bjøllesystem for sau - Takliskardet - Folgefonna nasjonalpark

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Vestland Bjøllelag SA løyve til å setje opp 1 stk ekstra basestasjon for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Folgefonna nasjonalpark. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta til Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Plasseringa av basestasjonen ved Takliskardet går fram av figur 1 i vedtaket
- Nøyaktig GPS-punkt skal målast inn ved montering og sendast til forvaltar innan 15. juli 2024.
- Basestasjonar skal festast til fjell med maks åtte M8 boltar i syrefast stål
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Maksimal høgde på mastene skal vera 110 cm over bakken
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane mindre ruvande i landskapet.
- Løyvet gjeld for mellombels plassering i terrenget frå beitesesongen 2024 til og med 2027 (jf. løyve frå 2023)
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.

Helikopterløyve:

- Løyvet gjeld for inntil ein tur med helikopter for transport av basestasjon i perioden 01.06-15.07.2024

Nasjonalpark

Folgefonna

Naturreservat

Langebudalen

Landskapsvernområde

Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



- Løyvet gjeld for transport av basestasjonar
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsynt ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Søkjar fører køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane før kvar enkelt tur
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2023/7274. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.


Saksopplysningar

- Søknad frå Vestland Bjøllelag SA om utsetting av basestasjonar for bjøllesystem i Folgefonna nasjonalpark, datert 14.04.2023
- Løyve frå nasjonalparkstyret, datert 27.juni 2023
- Søknad frå Vestland Bjøllelag SA om utsetting av 1 stk. ekstra basestasjon i Folgefonna nasjonalpark, datert 18.04.2024

Søknaden

Vestland Bjøllelag AS fekk løyve, den 27. juni 2023 (vår referanse 2023/7274), til å setje opp basestasjonar for elektroniske sauebjøller (LoRaWan-basestasjonar) for å dekkje Kvinnherad sankelag, Bjørnebølet beitelag og Fjellhaugen beitelag sine områder i Folgefonna nasjonalpark og Hattebergsdalen landskapsvernområde. Elektroniske sauebjøller er eit godt verkemiddel i arbeidet med tilsyn og sanking av sau på utmarksbeite.

Som ein videreføring av prosjektet som starta i 2023, søker Vestland Bjøllelag SA om å setje opp 1 stk ekstra basestasjon i Folgefonna nasjonalpark. Det er manglande dekning i området rundt Myrdalsvatnet, noko sporingsdata frå 2023 viser (sjå Figur 1 under). Plassering av basestasjonen er planlagt ved Takliskardet, om lag 1,5 km vest for Nordlifjell (vist ved den gule trekanten i Figur 1). Basestasjonen vert tenkt montert før beiteslepp som for dei første er medio mai.



Figur 1. Vestland bjøllelag AS sine sporingsdata frå 2023. Røde punkt viser at bjølla ikkje har hatt dekning, men lagra signala, for så å tømme loggen når ho kjem i dekning att. Gul trekant markerer punktet ved Takkardet, der dei ynskjer å plassere ein ekstra basestasjon, for å fylle ut manglande dekning i området rundt Myrdalsvatnet.

Verneføremål og lovheimel

Føremålet med Folgefonna nasjonalpark er (jf. forskrifta § 2):

- å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre.
- å ta vare på verdfull vassdragsnatur
- å sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- å sikre viktige geologiske førekomstar - å sikre verdfulle kulturminne

Området er i utgangspunktet verna mot alle inngrep og utplassering av basestasjonar er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltinga kan i særskilte høve vurdere om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Denne søknaden må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av



offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Folgefonna nasjonalparkstyre vurderte tilhøva etter verneforskrift og naturmangfaldslova, då vi gav løyve til dei omsøkte basestasjonane den 27. juni 2023. Det er ingen endringar i denne vurderinga, og vi meiner at det heller ikkje er problematisk med ein ekstra basestasjon plassert ved Takliskardet. Ein bør ha med seg at det er fleire system for elektroniske bjøller, og at det vil vere uheldig om det kjem ulike system i same området.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

| | | | |
|---|-----------------------------------|--------------|-----------------------|
| Statsforvaltaren i Vestland SNO Rosendal Kvinnherad kommune | Njøsavegen 2 Rosendalsvegen 10 | 6863 5470 | LEIKANGER ROSENDAL |
|---|-----------------------------------|--------------|-----------------------|



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafljæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Haugesund Turistforening

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2022/6386-0 432.3

Dykker ref.

Dato 02.05.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - helikopterløyve - proviantere - Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 g) og f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Haugesund turistforeining løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil seks turar t/r med hiv frå Bergstø til Sauabrehytta i tidsrommet 01.06 – 01.07.2024
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar.
- Løyvet gjeld ikkje persontransport.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebook årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrebooka før transporten startar.
- Køyrebooka skal følgje med under transporten.
- Køyrebook for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år**. Merk med referanse: 2022/6386. Send gjerne på e-post til: sfvpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.

Søknaden

Søknad frå Haugesund turistforeining v/Rolf Svendsen, motteken 25.04.2024:
Haugesund Turistforeningen (HT) eier og driver Sauabrehytta sør for Folgefonna.




Sauabrehytta ligger innenfor grensene for nasjonalparken. Hytta hadde et besøk på 175 overnattinger i 2023.

HTs hytter har som alle andre turistforeningshytter et behov for påfyll av proviant, ved og utstyr/materiell for vedlikehold av hyttene. Samtidig må lagret avfall fraktes til deponi.

HT provianterer sine hytter en gang pr. år. Dette året er transporten til Sauabrehytta planlagt gjennomført uke 24. Da har HT alle sine frivillige hyttevakter ute på hyttene for å klargjøre for en ny sesong.

Sauabrehytta får forsyninger med 2 års mellomrom. Sist var i 2022.

Haugesund Turistforening ønsker med dette å søke løyve for helikoptertransport til Sauabrehytta. Transporten er begrenset til 6 hiv med total flytid ca. 60 min. Ettersom det er hyttevakter på plass denne helga er det ikke behov for landing av helikopter.



Figur 1. Flygetraseen går fra Bergstø til Sauabrehytta (stipila raud linje).

Nasjonalkyststyre ga i 2022 løyve til 5 turar. Køyrebok viser at to av fem turar vart nytta. I telefonsamtale med Rolf Svendsen (den 02.05.2024), opplysts det om at dei med søknad om seks turar tek høgde for noko ekstra vedlikehald på hytta dette året. Mellom anna har toalettet delvis falt saman og krevjer utbetring. Det skal ikkje gjerast fasadeendringar.

Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.



I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*». Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyretemakta kan gje løyve til:

- g) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.*
- f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.*

I forvaltingsplanen for Folgefonna nasjonalpark er det vist til at: «*Løyve til bruk av beltekjøretøy på snø eller helikopter kan verte gjeve i samband med drift av turisthytter (forsyningar av matvarer og brensel), men slik transport skal haldast på eit minimum. Motorisert persontransport er ikkje tillate.*»

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få transportert inn proviant, material og utstyr i samband med drift av Sauabrehytta, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terrenget.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (sist sjekka 02.05.2024).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.



Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Etne kommune
SNO Rosendal

Njøsavegen 2
Sjoarvegen 2

6863
5590

LEIKANGER
ETNE



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Helen Uglenes

Saksbehandler Øystein Wallevik

Vår ref. 2020/8428-0 444

Dykker ref.

Dato 13.05.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - flygeløyve Breidablikk og Fonnabu 2024-2027

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:


Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 g), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bergen og Hordaland turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.05 – 01.07 kvart år i perioden 2024 til og med 2027
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr til turisthyttene
- Løyvet gjeld for inntil sju turar t/r Breidablikk/Fonnabu, med to landingar per år
- Transporten skal skje utanom heilagdagar
- Det må visast omsyn til dyreliv i området
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen verte varsla, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på tlf 907 73 117
- Det skal først køyre bok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyre boka før transporten byrjar
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år**. Merk med referanse: **2020/8428**

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette. Søkjær er sjølv pliktig til å innhente naudsynt løyve frå aktuelle grunneigarar (!).



Søknaden





30.04.2024

SØKNAD OM LØYVE TIL HELIKOPTERTRANSPORT TIL FONNABU OG BREIDABLIKK TURISTHYTTER

Det søkes med dette om løyve til helikoptertransport til Fonnabu og Breidablikk Turisthytter for perioden 2024-2027.

Søknaden gjelder den årlige transporten av varer, ved og utstyr som er nødvendig for drift av hyttene. Returtransporten vil bli utnyttet til nedtransport av boss, tomgods, skittent sengetøy m.m.

Dersom helikopteret som brukes løfter 800-1000 kg (som er vanlig), regner vi med ca. 6 turer opp til Fonnabu og 1 tur til Breidablikk per år. Vi søker også om persontransport (en tur) til Fonnabu i forbindelse med dugnaden. Under normale forhold vil flygingen ta ca. 1-2 timer. Base for utflyging vil være Rennedalen.

Transporten vil normalt bli gjennomført i løpet av mai/juni måned. Da driften av turistanlegget er basert på dugnad ber vi om at løyve for flyging også vil gjelde i helgene.

Med vennlig hilsen

*Helen Uglenes
Hyttedriftsansvarlig
Bergen og Hordaland Turlag
Mobil 40218486*

Etter ein telefonsamtale med Anne Kari Enes 13.05.2024, vart det presisert frå forvaltar at det ikkje er opna for å gje løyve til rein persontransport. Det vart dog understreka at det ikkje er til hinder for å sitje på i samband med transport av materiale (etter T – 1/96), men at dette ikkje skal føre til auka transportbehov. Forvaltar og søker vart då eining om at turlaget søker om to landingar kvart år dersom nokon sit på i samband med hiv.

Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at:
«Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:



g) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.

I forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark er det vist til at: «*Løyve til bruk av beltekjøretøy på snø eller helikopter kan verte gjeve i samband med drift av turisthytter (forsyningar av matvarer og brensel), men slik transport skal haldast på eit minimum. Motorisert persontransport er ikkje tillate.*»

Frå rundskriv T – 1/96 Om lov om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10 juni 1977 nr. 82 er det dog presistert frå delen om **Transport til private hytter, § 5 første ledd bokstav c:**

«Det er bare transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som kan tillates; alminnelig persontransport kan ikke tillates. Når det er gitt tillatelse til transport av bagasje og utstyr, må det imidlertid være adgang til å la personer sitte på, når det er plass til det sammen med bagasjen. Forutsetningen er således at passasjertransporten ikke må medføre ekstra kjøring.»

Vurdering

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med drift av turisthytter, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terrenget. Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (sist sjekka 13.05.2024). Det kan vere hekkande ramn eller rovfugl i området, og nasjonalparkstyret ber om at ein tek omsyn dersom desse vert observert under flyging.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å köyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. I søknaden bes det om at det vert opna for å flyge i helg, då arbeidet i stor grad vert gjort på dugnad. Det kan ein forstå, men ein ynskjer at motorferdsla vert gjort på kvardagar dersom det er mogleg å få til.



Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrerekordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember** kvart år.

Folgefonna nasjonalparkstyre hadde same sak oppe til behandling i 2020, og det vart då gitt eit fire års løyve til Bergen og Hordaland Turlag. Forvaltar vurderer det slik at saka ikkje må innom styret på nytt, og saka vert difor behandla som ei delegert sak. Forskjellen frå søknaden i 2020 til dagens søknad er at turlaget ynskjer persontransport i samband med dugnad, men det er ikkje opna for rein persontransport i forskrifta. Frå rundskrivet T – 1/96 om motorferdsel i utmark er det dog presisert at sjølv om persontransport er forbode, må det vere adgang til å la personar sitje på, så lenge det ikkje medfører ekstra køyring. Forvaltar opnar difor for to landingar kvart år i samband med frakt av varer, ved og anna utstyr til turhyttene.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|---|-----------------------------------|--------------|-----------------------|
| Statsforvaltaren i Vestland SNO Rosendal Kvinnherad kommune | Njøsavegen 2 Rosendalsvegen 10 | 6863 5470 | LEIKANGER ROSENDAL |
|---|-----------------------------------|--------------|-----------------------|



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Ola Espeland
Espelandsvegen 84
5763 Skare

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2024/4823-0

Dykker ref.

Dato 21.03.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - nyttetransport med snøskuter - Blåvassbu og Svarthammar - Ola Espeland

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 b og f, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Ola Espeland fleirårig løyve til bruk av snøskuter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 10 turar på strekninga Espeland-Blåvassbu og inntil 10 turar Espeland-Svarthammar (sjå kart i saka) frå 01.02.2024 til 30.04.2028
- Løyvet gjeld for transport av ved, gass, og material til vedlikehald av hyttene Blåvassbu og Svarthammar.
- Transporten skal om mogeleg skje utanom helg og heilagdagar
- Transporten skal om mogeleg skje utanom helg og heilagdagar.
- Løyvet gjeld ikkje persontransport.
- Det må visast omsyn til dyreliv i området.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117
- Det skal førast køyrebono årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrebona før transporten begynner.
- Køyreboka skal følgje med under transporten.
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: **2024/4823-0**. Send gjerne på e-post til: fmvlpost@statsforvalteren.no
- Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette. Søkjær må sjølv innhente samtykke frå aktuelle grunneigarar

Nasjonalpark
Naturreservat
Landskapsvernombord

Folgefonna
Langebudaalen
Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



Søknaden

Ola Espeland søker om løyve til motorisert ferdsel med snøskuter i Folgefonna nasjonalpark. Han søker om å transportere ved, gass og parafin, samt material og utstyr til løpende vedlikehald av hyttene Blåvassbu og Svarthammar. Søkjer er gardbrukar på gnr. 45 bnr.1 i Ullensvang kommune og har dyr på utmarksbeite. Det er søkt om fleirårig løyve til 10 turar tur/retur til kvar av hyttene, totalt 20 turar. Det er svært bratt på deler av traseen til Blåvassbu så ein kan ikkje laste på mykje om gongen. Svarthammar ligg utanfor nasjonalparken, men traseen han må nytte går innom nasjonalparken. Søkjar har tidlegare fått fleirårig løyve til dette føremålet.



Figur 1. Kart moteke frå søker. Blå strek viser køyretrasee til Blåvassbu, oransje strek viser køyretrasee til Svarthammar.

Lovheimel

Søknaden gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark og må vurderast etter:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdslle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:
b) *motorferdsel i samband med husdyrhald*.



f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.

I følgje forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: «Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike».

Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å nytte snøskutar for å transportere ved, gass og parafin til hyttene i beitesesongen, samt material for løpande vedlikehald. Det er opning i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark til dette føremålet. Søkjar er gardbrukar og nytrer hyttene ved tilsyn av utmarksbeite. Søkjar har tidlegare fått tilsvarande løyve. Val av køyreturasé kan forklaraast med at hyttene ligg avsides og i bratt terreng. Det vil vere avgrensa kor mykje ein kan laste på snøskuter ved køyring i dette terrenget, noko som vil krevje fleire turar.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av snøskuter i høve til verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdselet på denne tida av året. Det er gjort enkelte observasjonar av gauk og raudstilk i 2019. Desse artane er nær trua (per definisjon ikkje trua). Motorferdsela er avgrensa i tid og stad og vil i hovudsak skje før hekketid, og difor vurdert til å ikkje ha noko negativ verknad på artane nemnd over.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre er aktuell transportform og er skånsam for terrenget. Motorferdsel i naturen førar likevel til andre ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøve å samle turane og unngå å köyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre har ei køyrerekordning, køyrerekna skal leverast etter avslutta sesong, seinast 31. desember.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til



Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Opheims gt. 31
Njøsavegen 2
5750 6863

ODDA
LEIKANGER



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentraltbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

BERGEN OG HORDALAND TURLAG
Tverrg 4-6
5017 BERGEN

Saksbehandlar Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2023/16215-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 05.04.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - utbetring av skader etter storm - Fonnabu turisthytte - Bergen og Hordaland turlag

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 f og g, og *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.3 b, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bergen og Hordaland turlag løyve til bruk av helikopter for transport av materiell og utstyr til utbetring av turisthytta Fonnabu i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 10 turar t/r i tidsrommet 20.03 - 30.10.2023
- Løyvet gjeld transport av materiell og utstyr til utbetring av Fonnabu turisthytte etter vindskader hausten 2023.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebook årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrebooka før transporten startar.
- Køyrebooka skal følgje med under transporten.
- Køyrebook for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan**
- **31.desember kvart år.** Merk med referanse: 2023/16215. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no
- Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.



Bakgrunn

I oktober 2023 tok Fonnabu turisthytte store skader av sterke vindkast. Fleire av vindauge blåste ut, solcellepanel vart røska av veggen og inventar på hytta tok skade. Turlaget fekk då løyve til 2 turar for å sikre hytta og rydde opp innvendig (løyve gjeve 27.10.2023).



Figur 1. Døme på slik det såg ut på Fonnabu turisthytte etter stormen hausten 2023. Foto: Johnny Bjørge

Søknaden

Søknad frå Bergen og Hordaland turlag v/ Johnny Bjørge, motteken 20.03.2024:

«Vi har en del ting som fikk skader og må utbedres, vi er i den forbindelse avhengig i å kunne benytte helikopter til transport av utstyr, materiell og personell. Dette må gjøres i flere omganger, noen av tiltakene bør gjennomføres snarest og noe bør gjøres til sommer/høst. Per dags dato er det ikke så lett å anslå antall turar men ut ifra erfaring så søker vi på dette tidspunkt om tillatelse til 10 turer. Tillatelsen bør være i tidsrommet 2 mars – 30 oktober 2024. Transporten er tenkt utført fra Rennedalen til Fonnabu, se kart. Om det viser seg å være for mye snø i Rennedalen nå på våren vil vi fly fra Mauranger kraftstasjon»

Turlaget spesifiserer videre i e-post (motteken 02.04.23), at det truleg vert gjennomført i to omgangar. Det må mellom anna skiftast vindauge, deler av solcellesystemet (driver brannvarslingsanlegget), deler av pipa, og skada inventar skal erstattast.



Figur 2. Kart fra søkjær som viser tenkt flygetrase (raud strek).

Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark og Bondhusdalen landskapsvernområde. Søknaden må vurderast etter:

- *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*
- *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde*
- *Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark.*
- *Naturmangfaldlova §§ 8-12.*

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode etter verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark (jf. § 3 punkt 6.1) og Bondhusdalen landskapsvernområde (jf. § 3 punkt 5.1):
«Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* er det opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyremaakta kan gje løyve til:

- f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.
- g) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.



I *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* er det opning i § 3 punkt 5.3 for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:

- b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å utbetre Fonnabu turisthytte, som har teke skade etter sterke vindkast i fjar haust. Fonnabu turisthytte ligg om lag 1450 moh og det er ein krevjande fottur opp. Arbeidet er av eit slikt omfang at det er føremålstenleg å bruke helikopter til transport av materiell og utstyr utbetrinng av turisthytta. Flygetraseen går gjennom både nasjonalparken og Bondhusdalen landskapsvernombordet, og saka må difor handsamast etter begge forskriftene. Det er opning for at forvaltingsmynda kan gje løyve til dette føremålet i begge verneforskiftene. Motorisert persontransport er forbode i verneområda (jf. Forvaltningsplanen). Transport av handverkarar til arbeidet skal difor berre skje i samband med frakt av utstyr og materiell, og ikkje bidra til å auke talet på naudsynte turar.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsela (sist sjekka 05.04).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Snøskuter er mindre aktuelt då Fonnabu ligg i eit krevjande terregn der snøtilhøva varierer. Helikopter som transportmetode vert difor rekna som mest føremålstenleg i denne saka.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre i helger og på heldagdar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.



Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrerebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, seinast 31. desember

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebook - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

| | | | |
|-----------------------------|---------------------|------|-----------|
| Johnny Bjørge | Hillratjønnveien 38 | 5174 | Mathopen |
| Kvinnherad kommune | Rosendalsvegen 10 | 5470 | ROSENDAL |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| SNO Rosendal | | | |



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafljæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Runar Braut

Saksbehandlar Øystein Wallevik

Vår ref. 2021/5815-7 432.3

Dykker ref.

Dato 09.04.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - dronebruk for tilsyn av sau - Vetle Laurdal , Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Runar Braut løyve til bruk av drone til ettersøk av sau i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 01.07.2024 – 30.11.2024
- Løyvet gjeld for inntil 7 turar
- Løyvet gjeld for inntil ein times flytid på kvar tur
- Dronepilot må vere sertifisert og vere kjent med vernereglane
- Filming skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar, men det er forståing for at helger kan måtte nyttast grunna jobb i kvardagane
- Ved flyging skal løyvet bringast med. Vert ein spurt om flyginga må det kome fram at ein flyg i samband med ettersøk av sau med løyve frå Folgefonna nasjonalparkstyre
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søker har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks sette drona på bakken
- Rapport for utført fyking skal sendast til folgefonna@statsforvalteren.no med referanse 2021/5815 innan **31.12.2024**
- Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdsellova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette. Søkjar må sjølv innhente samtykke frå aktuelle grunneigarar før flyging

Søknaden

Runar braut har tidlegare søkt om å få nytte drone til ettersyn av sau i Folgefonna nasjonalpark, og meiner han har hatt god nytte av drona. Han søker difor om å få nytte



drone til ettersyn også i år på same bakgrunn som tidlegare. Søknaden frå 2021 var formulert slik:


«Søkjar driv gard på Hatteberg i Rosendal og søker om å bruke drone til ettersyn og sinking av sau. Sauene går på sommarbeite i Vetle Laurdal, Andersfjell og Bjørndal. Alle desse områda ligg innanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark.

Sauene treng regelmessig tilsyn for sjå at det ikkje er sauher i skorfeste, sjå til sauher som hamnar i skorfeste og sjå at sauene ser friske ut. På hausten går me fleire turar for å sanka sauene heim.

Terrenget i dette området er enkelte stader veldig bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Dette gjer at det mange gonger er vanskeleg for å koma til slik at ein får sett sauene skikkeleg ved tilsyn og i sinkinga kan det vera vanskeleg å finna sauene. Søkjar har difor tenkt at det ville vore ei stor lette for han og andre på tilsyn på desse fjellturane å flydd med drone i området, både for å sjå til sauher ila. sommaren og for å leita etter sauene i sinkinga.

Eg søker difor om dispensasjon for reglane for nasjonalparken og ber om løyve til å få fly med drone i Vetle Laurdal, Andersfjell og Bjørndal.

Då garden vår er for liten til at me kan forsørgja familien vår berre på inntektene frå garden er det i helgene søker har mest tid til å gå til fjells for å sjå til sauene, så søker ber om at løyvet til droneflyging ikkje berre på kvardagar, men også i helgene. Droneforbodet i nasjonalparken er der for at allment friluftsliv ikkje skal bli forstyrra, men området er stort og sjølv om det i helgene er mange som går tur i området, er det svært sjeldan at søker møter på turfolk når me er på tilsyn og sinkinga.»



Figur 1: Områda i nasjonalparken sauene vil bevege seg i. Området til venstre går innover vesle Laurdal, og opp mot Andersfjell. Området til høgre går innover Bjørndalen.



Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikke opning for å søke om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon fra vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. I verneforskrifta er det opna for å gje løyve til motorferdsel i samband med husdyrhald (jf. § 3 pkt 6.3 b)). I slike tilfelle kan bruk av drone ha mindre påverknad enn alternativet med helikopter og nasjonalparkstyret meiner det beste er å gje løyve til slike føremål. Opninga i forskrifter gjeld om dyr er skadd eller står i skårfeste. Søkjar vil nytte drone til å søke etter sau i vanskeleg terren og om mogleg sanke sau med hjelp frå drona. Tidlegare har dette vore løyst til fots. Forvaltar er kjend med at det er eit krevjande terren å få oversikt over sauene i, og søker fortel at han har hatt god nytte av drone på tidlegare løyve. Bruk av nyare metoder som å nytte droner til tilsyn med beitedyr er ikkje vurdert i verneforskrifta og bør med i revidering av forvaltingsplanen.

Deler av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillhet og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdist i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av droneflyging på denne tida av året (databasane er sist sjekka 08.04.2024). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på dronar, særleg når dei dannar territorie rundt hekketida.



For å unngå skade på fugl og forstyrring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser slik fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid.

Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og flyg, slik at publikum skjønnar at det ikkje er fritt fram å fly med dronar i verneområdet. Det vert også sett krav om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.

I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å fyke på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Søkjær har informert om at grunna anna arbeid i kvardagene vert det fort helg som må nyttast til dronebruk, men nasjonalparkstyret ynskjer at ein kan unngå dette så godt som råd.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Beite landskapet i nasjonalparken er krevjande å ta seg fram i mange plasser og ein kan difor sjå for seg at mange kan tenke seg å nytte moderne verktøy i beitetilsyn. Samstundes er beiting i utmarka viktig for å halde verneverdiane ved like, og å få nytte effektive verktøy kan være svært positivt for dei som driv slik næringsverksemd.

Forvaltar har vurdert samla belastinga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda dronefyking aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belasting på nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg fyking i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket etter kvart som dronar vert ein del av allemannseige. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Rosendalsvegen 10
Njøsavegen 2

5470
6863

ROSENDAL
LEIKANGER



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Kjetil Riise

Saksbehandlar Øystein Wallevik

Vår ref. 2024/4559-0 432.3

Dykker ref.

Dato 25.03.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel 2024 - Snøscooter - Etne 104/1 - Bergstø - frakting av saltstein

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 f) og gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Kjetil Riise løyve til bruk av snøskuter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. Det vert i tillegg opna for eit hiv med helikopter til området ved Skjeggesvatnet. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet for snøskuter gjeld i tidsrommet 01.01 – 01.05 kvart år frå og med 2024 til og med 2027
- Det vert opna for eit hiv med helikopter til Skjeggesvatnet i perioden frå 01.05-31.06.2024. Dette skal samkjøyrast med Haugesund Turistforening.
- Løyvet gjeld for transportør Kjetil Riise med ekstra sjåfør. Skal nokon andre nytte løyvet må dette verte avklart med Statens Naturoppsyn v/Rune Mikkelsen
- Løyvet gjeld for to snøskutarar for følgjande turar (sjå kart i saka):
 - a. 5 turar til Skjeggesvatnet
 - b. 1 tur til Sauavatnet/Sauanuten
 - c. 2 turar til Skjeggesnutbotnane
 - d. 2 turar til Skjeggeshøset
- Transporten skal om mogleg skje utan helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Det må verte vist omsyn til dyrelivet i området
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen verte varsla, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **+47 907 73 117**



- Det skal verte ført køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal verte ført i køyreboka før transporten byrjar
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal verte sendt til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse **2024/4559**. Send gjerne på e-post til folgefonna@statsforvalteren.no eller fmvlpost@statsforvalteren.no
- Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdsellova eller anna lovverk. Kontakt aktuelle kommunar om dette. **Søkjar må sjølv innhente samtykke frå aktuelle grunneigarar før transport**

Søknaden

Kjetil Riise søker om bruk av snøskuter til nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. Søkjar ynskjer å frakte saltstein, proviant, ved og anna materiell frå garden Bergstø i Etne kommune. For snøskuter vert det søkt om:

- 5 turar til Skjeggesvatnet (søkjar melder at det sjeldan kan verte køyrt med slede hit)
- 1 tur til Sauavatnet/Sauanuten
- 2 turar til Skjeggesnutbotnane
- 2 turar til Skjeggeshøset

Dette vert meldt som eit gjentakande behov, og søker ber om løyve for fem år. Grunna krevjande terrenget ynskjer søker at ein får nytte to skuterar på kvar tur slik at sikkerheita vert ivareteke.

Sidan det er krevjande å kome fram til Skjeggesvatnet med slede, og at det er fleire år sidan det har vore mogleg å nå fram med snøskuter dit, søker det også om å få inn eit hiv med helikopter i mai/juni 2024. Dette vil ein samkjøre med Haugesund Turistforening som skal fly proviant inn til Sauabrehytta i same tidsrom.



Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdslle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyremakta kan gje løyve til:

- b) *motorferdsel i samband med husdyrhald.*
- f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*

I forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark vert det spesifisert at naudsynt transport i samband med husdyrhald vil seie: *Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.*



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få kjørt inn utstyr i samband med husdyrhald i området, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terrenget. Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av snøskuter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (sist sjekka 22.03.2024).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining og forstyrringar av dyreliv. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Det er ikkje gjeve andre løyve til snøskuter i området. I tillegg gjer terrenget og snøtilhøve at det ikkje er eit område der det kan nyttast snøskuter i stor utstrekning. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka. Nasjonalparkstyret har gått bort ifra at fleirårige løyver skal følgje styreperioden, slik at alle søknadar om fleirårige løyver vert handsama på lik linje. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4-års periode. Det vert meldt i søknaden at det vil vere eit gjentakande behov for nyttettransport med skuter kvart år, og søker har også tidlegare fått eit fleirårig løyve i same området. Det er difor opna for eit fleirårig løyve i dette høvet.

Omsøkt motorferdsel vil støtte opp om bruken av utmarksareal til beitebruk, og slik halde kulturlandskap i hevd. Dette er eit område som ligg langt frå nærmeste veg, og ei bruksdyktig tilsynsbu er difor naudsynt ved tilsyn i desse områda. For å sikre denne tradisjonelle utmarksbruken er det viktig å få frakta inn utstyr til vedlikehald av aktuelle bygg knytt til drift.

Omsøkte ruter er vist til i søknaden. Det er lagt til grunn at det er desse rutene som skal verte fulgt, men med tilpassingar der terrenget og føre krev dette. Skutarane skal følgje same spor så godt det lar seg gjere.



Det vert gjeve løyve til naudsynt transport med heimel i verneforskrifta langs rutene skildra i søknaden i tillegg til eitt hiv med helikopter. Det er vurdert at ferdsla ikkje vil ha noko negativ verknad for naturmangfald eller føremålet med verneområdet, og det vert gjeve løyve til og med 01.05.2027.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Etne kommune
SNO Rosendal

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Sjoarvegen 2 5590 ETNE